

Kunnskapsdepartementet

Høringsnotat – forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2021

Oktober 2020

1. Innleiing

I dette høyringsnotatet foreslår Kunnskapsdepartementet å presisere at det blir rekna forseinkingsrenter etter at eit gjeldskrav er permanent overført til Statens innkrevjingssentral. Forslaga er av teknisk karakter og inneber ikkje realitetsendringar.

Dette høyringsnotatet behandlar berre den føresegna som departementet foreslår endra. Satsar som skal gjelde for kalenderåret 2021, skal justerast etter forventa auking i konsumprisindeks når forskrifta fastsetjas og er ikkje ein del av høyringa. Utover desse endringane, vil gjeldande reglar etter forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån for 2020, vidareførast i 2021.

2. Presisering om at det blir rekna forseinkingsrenter etter at eit gjeldskrav er permanent overført til Statens innkrevjingssentral

Gjeldande rett

Etter § 14-1 første ledd blir det lagt til renter på gjeld etter den rentesatsen som til ei kvar tid gjeld for utdanningslån med flytande rente når eit gjeldskrav er permanent overført til Statens innkrevjingssentral, jf. tilbakebetalingsforskrift § 2-2. Det blir også rekna forseinkingsrenter etter forskinkelsesrenteloven, jf. tilbakebetalingsforskrift § 2-3.

Departementets sine vurderingar og forslag

I tilbakebetalingsforskrifta for 2018 blei det gjort større språklege og strukturelle endringar i heila forskrifta med mål om å forenkle forskrifta og gjere ho meir brukarvennleg. Endringane fekk konsekvensar for paragrafane, kapitla og delane i forskrifta, men utgangspunktet har vore at forskrifta skal innehalde rettar og plikter, mens praksisbeskrivingar og utfyllande detaljar skal ligge i merknader.

Før 2018 var det ei eksplisitt tilvising i føresegna om lån som blir permanent overført til Statens innkrevjingssentral om at det blir rekna forseinkingsrenter etter forsinkelsesrenteloven, men under den nemnde prosessen fall tilvisinga bort som følgje av strukturelle endringar i kapittelet om renter. Lånekassen har likevel ikkje endra praksis, sidan det går fram i høyringsnotatet for tilbakebetalingsforskrifta for 2018 at dei strukturelle endringane berre var regeltekniske endringar og ikkje realitetsendringar. I ein merknad til den nemnde føresegna i tilbakebetalingsforskrifta har Lånekassen presisert at krav som blir overført til Statens innkrevjingssentral, får lagt til renter etter rentesatsen som er fastsett for lån i Lånekassen etter tilbakebetalingsforskrifta §§ 2-3 og 2-4.

Skatteetaten, som Statens innkrevjingssentral er ein del av, kontakta departementet i år med ei anbefaling om å legge til ein eksplisitt tilvising i føresegna, slik at det tydeleg blir slått fast at det òg blir rekna forseinkingsrenter etter forsinkelsesrenteloven på alle lån som blir permanent overført til Statens innkrevjingssentral. Departementet er sams med Skatteetaten om at føresegna kan presiserast ytterlegare og foreslår å legge til eksplisitt i § 14-1 at det blir rekna både flytande renter og forseinkingsrenter når eit gjeldskrav blir permanent overført til Statens innkrevjingssentral.

Departementet sitt forslag

Departementet foreslår å tydeleggjere i § 14-1 første ledd at for gjeldskrav som er permanent overførte til Statens innkrevjingssentral, blir det både rekna forseinkingsrenter etter forsinkelsesrenteloven, jf. tilbakebetalingsforskrift § 2-3, og flytande studielånsrenter etter § 2-4.

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget inneberer ingen endring i praksis og påverkar derfor ikkje løyvingsbehovet. Forslaget har heller ingen administrative konsekvensar.

4. Forslag til forskriftsendring

Departementet foreslår å gjere følgjande endring i forskrifta om tilbakebetaling av utdanningslån for 2021:

§ 14-1 første ledd skal lyde:

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingssentral, får lagt til renter etter forsinkelsesrenteloven og den rentesatsen som blir fastsett for lån med flytande rente i Lånekassen.